



Meland kommune

Hordaland fylkeskommune Kultur- og Idrettsavdelinga
Postboks 7900
5020 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2947 - 18/14919

Saksbehandlar:
Eirik Bouwer Utne
eirik.utne@meland.kommune.no

02.07.2018

Førespurnad om utbetaling av tildelt tilskot gjennom BARK, Leirvik i Meland

Viser til tildeling av tilskot gjennom BARK, til *Kulturminne i Leirvik* på kr 36 000, dykkar ref 2015/8551-31, i brev datert 25.04.2016.

Meland kommune søkte i brev datert 12.10.2016 om overføring av midlar til 2017, grunna personalsituasjon. Viser til korrespondanse haust 2017 for årsak til ytterlegare forsenking.

Tiltaket vart gjennomført vinteren 2018 i samarbeid mellom Meland kommune og Meland Golfklubb. Utarbeidinga av tavla var tidkrevjande med omfattande sortering av tilgjengelege kjelder, samt behov for bistand frå Bergen Museum og Hordaland fylkeskommune.

Grafisk utforming er gjort av Ane Bysheim i Meland kommune, med utgangspunkt i Hordaland fylkeskommune sin mal for kulturminnetavler. Tekst er forfatta av Eirik Utne i Meland kommune, og har vore til språkvask. Tavla er produsert hos Arkeoplan i Molde, og sett opp av Meland Golfklubb. Tavla er plassert ved startpunktet av 18-hullsbanen, og vert sett av golfarar og friluftsbukarar i Golf- og naturparken. Merk at tavla vart plassert nokre meter annleis enn opphavleg avtalt, noko som skal ordnast i løpet av 2018.

Det vart mindre kostnader ved tiltaket enn opphavleg skissert grunna auka bruk av interne ressursar, særleg til grafisk utforming og utarbeiding av illustrasjonar. Vi ber derfor om ei lågare utbetalingssum enn tildelingssum.

Arbeidet har vore svært givande, og tavla har ført til auka merksemd om dei mange kulturminna ved golfbanen og mange positive tilbakemeldingar.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Rekneskap kulturminne i Leirvik

Kulturminne i Leirvik		
Art	Namn	Beløp
13700	KJØP AV TENESTER FRÅ ANDRE (PRIVATE)	29 700
14290	MVA BETALT DRIFT	7 425
17290	REFUNDERT MVA DRIFT	-7 425
	EIGENINNSATS MELAND GOLF	7 500
	KALKULERT LØNSKOSTNAD 3 VEKER	41 300
Sum utgifter		78 500
	EIGENINNSATS	-48 800
Sum inntekter		-48 800
Sum	Førespurnad om utbetaling	29 700

På bakgrunn av rekneskapet ber eg med dette brev om utbetaling av tilskot på kr 29 700, av tildelt ramme til *Kulturminne i Leirvik*.

Med helsing

Eirik Bouwer Utne
leiar kultur

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Leirvik 814 x 1162_11.01.18_ trykkeklar
Bilder Kulturminne i Leirvik

Kopi til:

Solveig Lohne Rongved

Hordaland
fylkeskommune

5020

BERGEN

Mottakere:

Hordaland fylkeskommune Kultur-
og Idrettsavdelinga

Postboks 7900

5020

BERGEN